

# Årsmøte 21. mars 2022



## Innholdsfortegnelse

Saksliste og saksdokument .....	2
Resultatregnskap Skjåk Idrettslag .....	3
Kontrollutvalgets beretning for 2022 .....	6
Årsmeldingar og handlingsplanar .....	7
<i>Hovudlaget</i> .....	7
<i>Fotballgruppa</i> .....	11
<i>Symjegruppa</i> .....	15
<i>Handballgruppa</i> .....	20
<i>Turngruppa</i> .....	24
<i>Friidrettsgruppa</i> .....	24
<i>Padlegruppa</i> .....	25
<i>Kampsportgruppa</i> .....	26
<i>Skigruppa</i> .....	27
<i>Fjellgeita</i> .....	31
Budsjett for Skjåk Idrettslag 2023 .....	34
Organisasjonsplan for Skjåk Idrettslag .....	35
Innstilling frå valkomiteen til årsmøte i Skjåk IL .....	36

## Saksliste og saksdokument

### **Saksliste:**

1. Godkjenning av dei som har stemmerett.
2. Godkjenning av innkalling, saksliste og forretningsorden.
3. Val av møteleiar (dirigent), referent (sekretær) og 2 representantar til å skrive under protokollen.
4. Behandle idrettslagets regnskap i revidert stand.
5. Behandle idrettslagets årsmelding og gruppeårsmeldingar.
6. Behandle innkomne forslag og sakar.  
Ingen innkomne sakar.
7. Fastsette medlemskontingent for 2023.
8. Vedta idrettslagets budsjett for 2023.
9. Behandle idrettslagets organisasjonsplan
10. Val:
  - a. Hovudstyret
  - b. Gruppestyrer
  - d. Kontrollkomite
  - d. Representantar til ting og møte i dei organisasjonane som idrettslaget er tilslutta: Skjåk Idrettsråd 2 personer.
  - e. Valkomité med leiar og to medlemmar, samt et varamedlem

### **Vedlagt følgjer desse dokumenta:**

- Styrets forslag til forretningsorden
- Regnskap i revidert stand
- Kontrollkomiteens beretning
- Idrettslagets årsmelding og handlingsplan, samt gruppeårsmeldingar og handlingsplanar
- Styrets forslag til budsjett
- Styrets forslag til organisasjonsplan
- Valgkomiteens innstilling
- Styrets innstilling til verv i valgkomiteen

Vel møtt!

Med vennleg helsing

Styret i Skjåk idrettslag

## Skjåk Idrettslag

Org.nr. 993 571 210

### Balanse pr 31. desember

EIENDELER	NOTE	2022	2021
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Bygg og anlegg (kiosk og ljosløype)	3	812 026	428 510
Trakkemaskin og snøscootere	3	3 222	50 400
Utstyr	3	36 900	43 050
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>852 148</b>	<b>521 960</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investering i aksjar og andelar	4	307 001	307 001
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>307 001</b>	<b>307 001</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>1 159 149</b>	<b>828 961</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Fordringar</b>			
Varer		0	0
Kundefordringar og andre fordringar		180 733	127 410
<b>Sum fordringar</b>		<b>180 733</b>	<b>127 410</b>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>	5	2 299 626	3 181 844
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>2 480 359</b>	<b>3 309 254</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>3 639 508</b>	<b>4 138 215</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital (opptent)	6	2 709 687	3 429 549
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>2 709 687</b>	<b>3 429 549</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		227 886	125 031
Skyldig offentlege avgifter		78 151	52 196
Annan kortsiktig gjeld		39 968	32 705
Andre forpliktingar	5	583 816	498 734
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>929 821</b>	<b>708 666</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>929 821</b>	<b>708 666</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>3 639 508</b>	<b>4 138 215</b>

Skjåk, den 2. mars 2023

I styret for Skjåk Idrettslag:

Ch. Aaboen Mette Dagsgaard Keil Aaboen  
Trude R. Heltar Gregor Ingar Gjerdet

Dagleg leiar: Tea Karoline Mork

# Skjåk Idrettslag

Org.nr. 993 571 210

## Resultatrekneskap

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTE	2022	2022	2021
		Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
Salsinntekter		376 640	238 500	172 679
Kontingenter		108 050	220 000	120 000
Reklame- og sponsorinntekt		317 000	328 000	409 700
Tilskot		465 391	382 000	393 959
Annan driftsinntekt		550 732	100 000	276 660
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 817 814</b>	<b>1 268 500</b>	<b>1 372 998</b>
Varekostnad		85 943	44 000	18 961
Lønnskostnad	2	497 948	534 139	377 477
Avskrivningar	3	106 000	143 000	84 633
Annan driftskostnad	5	1 866 496	826 950	1 072 311
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>2 556 388</b>	<b>1 548 089</b>	<b>1 553 382</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-738 574</b>	<b>-279 589</b>	<b>-180 384</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>				
Finansinntekter		18 913	20 000	20 622
Finanskostnader		200	0	1 412
<b>Netto finansresultat</b>		<b>18 713</b>	<b>20 000</b>	<b>19 210</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>-719 861</b>	<b>-259 589</b>	<b>-161 174</b>
<b>DISPONERINGAR</b>				
Overført til / frå(-) annan eigenkapital	6	-719 861	-259 589	-161 174
<b>Sum disponeringar</b>		<b>-719 861</b>	<b>-259 589</b>	<b>-161 174</b>

## Skjåk Idrettslag

### Noter til rekneskapet 2022

#### Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Interne transaksjonar mellom gruppene er eliminert i årsrekneskapen.

Inntekter blir rekneskapsført når dei er opptent. Dette vil normalt vere når varen/tenesten er levert til kunden.

Inntektene blir rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Varige driftsmiddel med forventta levetid over tre år og kostpris over 40 000 kr blir balanseført og blir avskreve lineært over forventta levetid.

Vedlikehold av driftsmidlar kostnadsførast løpande under driftskostnader. Påkostningar eller forbedringar tilleggast driftsmidlets kostpris og avskrivast i takt med levetida for driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehold og påkostning/forbedring reknast i forhold til driftsmidlets stand ved kjøp av driftsmidlet.

Lager av innkjøpte varer er verdsett til det lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap vert føreteke på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Medlems- og treningskontingentar blir bokført etter kontantprinsippet.

#### Note 2 Løn, tilsette, godtgjersler m.m.

Spesifikasjon av lønskostnad	2022	2021
Løn og feriepengar	451 067	354 099
Arbeidsgjevaravgift	23 756	16 077
Pensjonskostnader	20 714	5 579
Andre personalkostnader	2 411	1 723
<b>Sum lønskostnad i resultatrekneskapet</b>	<b>497 948</b>	<b>377 477</b>

Tidlegare dagleg leiar sa opp stillinga si med verknad frå 01.10.2021.

Ny dagleg leiar tok til 01.02.2022 i 70 % stilling og løn og anna godtgjersle utgjør i 2022 kr. 313.029.

Det er ikkje betalt ut godtgjersle til nokon i styret i 2022.

Det er etablert tenestepensjonsordning (OTP) for dagleg leiar.

#### Rekneskapsfører og revisorar

Kostnadsført godtgjersle til økonomi- og administrasjonsmedarbeidar utgjør kr. 60.000.

Det er ikkje kostnadsført godtgjersle til revisorar i 2022.

#### Note 3 Varige driftsmiddel

	Ljosløype	Kiosk	Trakke- maskin	Snø- scootere	Utstyr	SUM
Anskaffelseskost 01.01	922 906	309 624	937 500	89 989	127 250	2 387 269
Tilgang i året	0	436 188	0	0	0	436 188
<b>Anskaffelseskost 31.12</b>	<b>922 906</b>	<b>745 812</b>	<b>937 500</b>	<b>89 989</b>	<b>127 250</b>	<b>2 823 457</b>
Akkumulert av- og nedskrivning 01.01	804 020	0	908 317	68 772	84 200	1 865 309
Årets avskrivning	14 860	37 812	29 183	17 995	6 150	106 000
Akkumulert av- og nedskrivning 31.12	818 880	37 812	937 500	86 767	90 350	1 971 309
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>104 026</b>	<b>708 000</b>	<b>0</b>	<b>3 222</b>	<b>36 900</b>	<b>852 148</b>
Økonomisk levetid	20-25 år	20 år	10 år	5 år	4-10 år	

#### Note 4 Investering i aksjar og andelar

	Kost- pris	Marknads- verdi	Bokført verdi
Andel i Skjåkhallen (ukjent opphav)	5 000	Ukjent	1
Andel i klubbhuset i Botn (2011)	7 000	Ukjent	5 000
Andel i Skjåk Turløyper SA (2014)	2 000	Ukjent	2 000
Aksjefond Odin Konservativ (16.11.2020)	300 000	317 183	300 000
<b>SUM</b>	<b>314 000</b>		<b>307 001</b>

#### Note 5 Bankinnskott, kontantar o.l.

Av bankinnskottet er kr 583.816 bunde til framtidig kjøp av ny trakkemaskin i samsvar med avtale med Skjåk Turløyper SA.

#### Note 6 Eigenkapital

	2022	2021
Eigenkapital 01.01	3 429 549	3 590 723
Årets resultat	-719 861	-161 174
<b>Eigenkapital 31.12</b>	<b>2 709 687</b>	<b>3 429 549</b>

# Kontrollutvalgets beretning for 2022

## Inn her

Årsmeldingar og handlingsplanar

# Hovudlaget

Skjåk Idrettslag



# Årsmelding for hovudlaget i Skjåk IL 2022

## Styrearbeid

Hovudstyret har etter årsmøtet i mars 2022 bestått av fylgjande personar: Ola Aaboen (leiar), Gregor Ingar (nestleiar), Frida Hjeltar (sekretær), Kjell Aaboen (styremedlem), Merete Dagsgard (styremedlem). Øyvind Teigen er varamedlem.

Gruppeleiarane vart fyste halvår invitert på kvart styremøte. Etter styrevedtak i august 2022 vart det vedteke at dei blir invitert til to styremøter kvart halvår. Gruppeleiarane er nå: Simen Toven (Fjellgeita), Marit Sletten(handball), Ola Løkken(fotball), Trine Sanden(symjing), Liv Hege Rønningen(friidrett), Ronny Brukveen(skigruppa), Stian Bøhle(kampsport og padling), Ella Bøe Mølmen(barneidretten), Anne Mette Gjelbakken(turn).

Styret har denne sesongen gjennomført 10 møter.

Styret har blant anna arbeidd med desse sakene i året som har gått:

- Medlemsadministrasjon.
- Sponsorarbeid – skaffa 11 nye sponsorar.
- Bygd ny nettside for [www.skjakil.no](http://www.skjakil.no). Denne blir oppdatert jamnleg, slik at det er lettare å fylgje med på aktivitetane i Skjåk IL.
- Bistand til undergruppene
- Nye sponsorskilt i Skjåkhallen og på Stadion i Botn.
- Vedlikehald av skilttavler Skjåk IL eig.
- Meir aktivitet i sosiale medier.
- Ferdigstilt fotballkiosk på Bismo Stadion.
- Nesten ferdigstilt aktivitetspark i Gamleheimstrædet.
- Hatt kontinuerleg kontakt med kommuna ang. bygging av ny hall.
- Produsert ny maskot.
- Søknadar.
- Arbeid med å få til utlånslager.
- Aktivitetar for flyktningar.
- Arrangert Tinstafett.
- Arrangert Flækøyhøe UPP

Medlemstal	
2010	444
2011	533
2012	481
2013	522
2014	616
2015	610
2016	597
2017	523
2018	506
2019	628
2020	524
2021	546



**Økonomi, miljø m.m**

Økonomi, miljø m.m.

Styret meiner at rekneskapen gjev eit rett bilete på utviklinga og stillinga til Skjåk Idrettslag pr. 31.12.2022 og syner til offisielt rekneskap med noter. Rekneskapen syner eit samla underskot på kr 719.861 som styret foreslår blir dekt av eigenkapitalen. Etter dette har Skjåk Idrettslag ein eigenkapital på kr 2.709.687.

Styret meiner at vilkåra for framleis drift er til stades og årsrekneskapen for 2022 er sett opp under denne føresetnaden.

Styret er merksame på at det er eit stort underskot i 2022. Årsakene til dette er både stor aktivitet i gruppene og satsing på ulike prosjekt. Styret meiner det har vore rett å bruke ekstra midlar på drift av gruppene dette året mellom anna for å få opp att aktiviteten etter to år med pandemi. Av prosjekt det er satsa på kan nemnast aktivitetspark i Gamleheimstrædet, nye heimeside, maskot og oppgradering av skilting i skiløypenettet.

Skjåk Idrettslag har framleis ein solid økonomi og styret meiner at det vil vere positivt å nytte denne posisjonen til positive aktivitetar og prosjekt. Styret er samstundes klare på at framtidig resultat må betrast vesentleg og budsjettet for 2023 er sett opp med eit underskot på om lag kr 150.000.

Laget forureinar ikkje det ytre miljøet.

**Aktivitet i laget**

Aktivitetane i Skjåk idrettslag skjer i gruppene og vi viser til deira årsmeldingar. Hovudoppgdraget til styret i hovudlaget er å legge til rette for at ressursane, både i kroner og av frivilljuge, blir nytta til å skape aktivitetar. Skjåk idrettslag har eit godt og variert idrettstilbod.

**Styret vil rette ein stor takk til alle som har lagt ned ein stor innsats  
for idrettslaget!**

Skjåk, 2. mars 2023

I styret for Skjåk Idrettslag:

Ch. Aaboen      Murek Dagsgard      Kjeil Aaboen

Teruise R. Hjeltnar      Gregor Ingar Gjerdet

Dagleg leiar:

Tea Karoline Mork

# Handlingsplan for hovudlaget i Skjåk IL 2023

Skjåk Idrettslag består av eit hovudlag som organiserar drifta av 9 undergrupper.

Undergruppene er:

- Handballgruppa
- Fotballgruppa
- Skigruppa
- Turngruppa
- Symjegruppa
- Friidrettsgruppa
- Kampsport
- Padling
- Fjellgeita

Desse gruppene tilbyr mange aktivitetar for store og små i både Lom og Skjåk. Gruppene utarbeider sjølv eigne handlingsplanar og følgjer vanleg oppsett for aktivitetar gjennom året. Av større arrangement som idrettslaget kjem til å arrangere i året som kjem er Åsen Rundt, Flækøyhøe UPP(haust), Påskesprinten, Skjåkturnering, handballturnering.

Hovudlaget og dagleg leiar vil i 2023 arbeide med fylgjande oppgåver:

- Vera tilgjengeleg/gje støtte og hjelp til undergruppeene
- Fakturere medlemskontigent
- Følgje opp medlemmane
- Følgje opp sponsorar
- Arbeide for å få fleire sponsorar
- Oppdatere aktivt SOME
- Lage ein plan for bruk av maskot
- Oppdatere årshjul
- Lage aktivitetshäfte til barn/unge som dei får ved skulesteart
- Søke ut midlar, sette i gang tilpassa prosjekt
- Arbeide med å skaffe inntekter til hovudlag/undergrupper
- Ferdigstille aktivitetspark i Gamleheimstrædet
- Ajourhalde klubbhandbok
- Legge til rette for alternative plassar å ha aktivitet i perioda med rehabilitering av hallen
- Følgje opp rehabiliteringsprosjekt md kommuna
- Vedlikehald og oppfølging av eigedom(t.d bygg i Botn)
- Aktivitetar for flyktningar (frå allereie fått flyktningmidlar)

Handlingsplan kan korrigerast gjennom styremøter i hovudlaget.

**Skjåk 2. mars 2023**

Tea Karoline Mork

Dagleg leiar

# Fotballgruppa

i

Skjåk Idrettslag



## Årsmelding Styrearbeid

Styret har etter årleg møte 23.02.2022 vore samansett av:

- Leiar: Ola Løkken – på val 2024
- Nestleiar og sportsleg leiar: Robert Kvålshagen – på val 2023
- Kasserar: Gudrun Teigen -på val 2023
- Kioskansvarleg, matrialforvalter og sekretær: Haldis Vange – på val 2024
- Dommeransvarleg og baneansvarleg: Lars Inge Hermansen på val 2024

Valnemnd:

Fotballgruppa har hatt eiga valnemnd. På lik line med dei andre gruppene blir også fotballgruppa ein del av den sentrale valnemnda.

Styret har hatt fem møter i tillegg til årleg møte

### **Saker vi har jobba med i året som har gått:**

- fotballsesongen generelt.
- rekruttering av trenarar og oppmenn til dei forskjellige laga
- ordna treningstider i hallen, innetrening etter nyttår for alle lag som ynskte det.
- økonomiske bidrag til dommarar.
- Open kiosk på samtlege heimekampar. Endeleg kunne vi ta i bruk ein ny, flott kiosk!
- søppelsekkutkjøring
- avslutning for spelarar, det vart spandert is, kaffe og drikke. Dei eldste fekk pizza.
- evalueringsmøte med trenarar og oppmenn for sesongen 2022, samt førebuing av sesongen 2023.

### **Laga i sesongen**

Skjåk stilte lag i tre årsklasser i 2022:

- GJ7, Stian Aaboen

- GJ8, med Marit Haugen
- J9, med Åste Einbu Gudbrandsen
- G9, Nils Håvard Heggebotn
- GJ11, Silje Sveen Lien og Øyvind F Aaboen

GJ11 har spelt i regi av Indre Østland fotballkrets medan dei yngre laga har delteke i Ottadalsserien.

## **Spelarstall**

Vi hadde om lag 35 aktive spelarar i 2022

## **Baneforhold**

Vi har fantastiske baneforhold i Skjåk, med naturgras! Vi får stadig skryt av andre klubbar for kvaliteten på grasmatta i Skjåk.

## **Stor takk til alle vaktmesterane for arbeidet dei legg ned!**

## **Dommarar**

Vi brukar så langt som råd ungdommar til dømning. Jamt over går dette bra, men vi har til tider vanskelegheiter med å stille nok dommarar, spesielt på kampkveldar der det blir spelt mange kampar samtidig og dommarbehovet er stort.

## **Treningskontingent**

Barnefotball (5-10 år) → 0,-

Barnefotball (11-12 år) → 300,-

Ungdomsfotballen (13-16 år) → 500,-

Alle spelarane frå 11 år ( dei som spelar vanleg serie).

## **Drakter/utstyr**

Det er ikkje gjort store innkjøp av drakter og utstyr.

## **Vårturnering**

Vi gjennomførte for fyrste gong etter pandemien vårturnering under normale omstende med lag frå Vågå, Lom og Skjåk. Vi fekk litt kritikk for manglande informasjon, noko speakeranlegget må ta noko av skulda for sidan det er umogleg for dei på nedre bana å høyre kva som blir sagt.

## **Tine fotballskule**

Ein av dei faste aktivitetane i barnefotballen i Lom og Skjåk er Tine fotballskule. Dette er eit tilbod til alle barn her i alderen 6-12 år. Fotballgruppene i Lom og Skjåk arrangerer Tine fotballskule annakvart år og i 2022 var det Skjåk IL som arrangerte fotballskulen.

Tine fotballskule vart arrangert 8 og 9 august med bortimot 130 ungar. Vi leigde med oss to trenarar frå Aker akademiet som hadde ansvaret for det sportslege opplegget. I tillegg var mange fleire friviljuge involverte som hjelpetrenarar, kjøkenvakter og anna hjelpemannskap. Tusen takk for innsatsen!

## **Regnskap**

Regnskapet viser overskot på 31560 kroner.

***Fotballstyret vil rette ein stor takk til alle som har lagt ned ein innsats for fotballgruppa i året som har gått!***

Skjåk, 27.02.2023

For fotballgruppa i Skjåk,

Ola Løkken

# Symjegruppa

Skjåk Idrettslag



## Årsmelding 2022 Skjåk IL, Symjegruppa

Styret har i 2022 hatt fylgjande samansetjing:

Leiar	Trine Sanden (på val 2023)
Kasserar	Randi Festervoll (på val 2024)
Sekretær	Barbro Elisabeth Aas (på val 2023)
Symjeskuleansvarleg	Stine Leirmo (på val 2024)

Det har vore 4 styremøte i løpet av året 2022, og eitt oppsummeringsmøte vår 2022 med leiar, symjeskuleansvarleg og instruktørar. Vi hadde også eit møte med instruktørar 11. januar 2023 kombinert oppsummering og oppstart ny symjekursperiode.

Symjegruppa i Skjåk er medlem av NSF og Norges Svømmeskole, og forpliktar seg til å fylje deira undervisningsopplegg og retningslinjer for utdanning av instruktørar. Vi har dessutan tilgang til kursadministrasjonsverktøyet Tryggivann.no, som vi brukar til påmelding og oppfylging av kursa og attendemelding til føresette. Føresette får gjennom denne nettsida oversikt over kva deira kursdeltakarar meistrar, og kva kurs det vil vere formålstenleg at kursdeltakaren melder seg på neste gong. Symjegruppa har ei avtale fram til 2024 om Klubb-rabatt hos Klubben. Rabatten kan nyttast av kursdeltakarar og Symjegruppa.

Vi har i løpet av året arrangert 18 ulike kurs med ulike nivå, etter malen til "Trygg i vann". Kursa for dei eldste ungane, har fleire nivå til same tidspunkt. Vi har hatt ei komplett kursrekke sesongen 2022, utanom "Vannmerket". Noko av grunnen til at vi ikkje har kunne gjennomføre ei komplett rekke er blant anna utfordringar knytt til djupne på bassenget. Med nytt terapibasseng vil vi ha moglegheit til også å gjennomføre dette kurset.

Kursa i 2022 har hatt til saman 134 deltakarar, fordelt på fylgjande kurs:

- Vassleik (1-3 år m/føresette) 8 deltakarar
- Kval (2 kurs) 19 deltakarar
- Skilpadde (2 kurs) 25 deltakarar
- Pingvin (3 kurs) 28 deltakarar
- Selunge (3 kurs) 21 deltakarar
- Sel (2 kurs) 16 deltakarar



- Sjøløve (2 kurs) 10 deltakarar
- Delfin (2 kurs) 3 deltakarar
- Hai/symjetrening (2 kurs) 4 deltakarar

Samarbeid med andre klubbar har vi ikkje hatt dei siste åra, noko kan ein skulde på corona-pandemien. Vi i symjegruppa og instruktørar har kome fram til at vi må ha som mål å ta opp att samarbeidet med andre symjeklubbar i Gudbrandsdalen. Dette har vi fått inn i handlingsplan for 2023. Vi håpar at dette vil vere positivt for å halde på fleire av dei eldre deltakarane våre.

Barnehagane har tilbod om førskulesymjing. Instruktør også dette året, som tidlegare år er sertifiserte instruktør frå symjegruppa. Vasstilvenningskurset for førskuleungar i Skjåk kommune er eit positivt tiltak.

I 2022 fekk vi sertifisert 6 ny instruktørar på begynnerinstruktørnivå, under kurshelga i Skjåk. Vi opplever at vi har bygd opp ei solid base av sertifiserte instruktørar, både på begynnarnivå og vidaregåandenivå. Det at vi i dag har mange sertifiserte instruktørar, gjer at vi kommande år, mest truleg ikkje treng å sertifisere fleire. Det vart søkt om økonomisk støtte til begynnerinstruktørhelga hos Hovudlaget, november 2022. Hovudlaget vedtok februar 2023 og støtte kurset med 10 500 kroner. Symjegruppa er takksame for støtta. Summen kjem fyrst inn i rekneskap for 2023. I resultatrekneskapen for 2022 hadde vi eit underskot på 5 757 kroner.

Det er fleire grunnar til at vi kom ut med eit lite underskot. Vi har hatt ekstra vaksentetheit på enkelte kurs, utgiftene til gjennomføring av instruktørkurshelg vart noko dyrare enn vi såg for oss. I tillegg deltok det berre personar frå eigen klubb på kurshelga vi arrangerte, og vi fekk ikkje inn inntektar. I tillegg har vi valt å ikkje auke kursavgifta for kursdeltakarane. Per dags dato har vi større utgifter på løn til instruktørar, utstyr og premiar, enn vi tek inn i kursinntektar. Vi ynskjer i utgangspunktet ikkje å auke prisen på kursa våre, men vi må drøfte problemstillinga i styret.

Skjåk, 13.02.23.

Trine Sanden

Leiar Symjegruppa, Skjåk IL.

## **Handlingsplan Symjegruppa 2023**

Symjegruppa har sett seg nokre mål 2023. Som symjegruppe ynskjer vi å "*Gje alle barn og unge eit tilbod om symjeopplæring, der dei opplever meistring og framgang*". Vi har i fleire år gått aktivitetåret i møte med usikkerheit. Nå veit vi med sikkerheit at aktiviteten vår i hausthalvåret 2023 og vårhalvåret 2024 bli lagt brakk i Symjehallen i Skjåk, grunna renovering av Skjåkhallen. Vi ynskjer å halde fram med aktivitet, og vi har allereie oppretta dialog med Utgard i Lom. I perioden der vi ikkje har moglegheit for å nytte symjehallen i Skjåk, ynskjer vi å gjennomføre kursrekkejer i Utgard. Vi har starta opp med to kurstilbod allereie, og vi ynskjer å utvide.

### **Alle kursdeltakarane skal oppleve å tryggleik og å bli sett**

Eit tiltak for å sikre at alle kursdeltakarane får oppleve tryggleik, bli sett og oppleve meistring, er at vi har få ungar pr vaksen. Instruktørane er sertifiserte, og skal vere tydlege. Ved sjukdom eller fråfall av instruktørar strekkjer vi oss for å få sett inn sertifiserte vikarar. Ungane skal vere på faste små grupper og ha faste vaksne å forhalda seg til. På kursa er det tydleg progresjon, og ungar skal få delta på kurs tilpassa deira nivå. Det ligg da til rette for at ungene opplever tryggleik, blir sett og opplever meistring som bidreg til framgang for deltakaren.

### **Tilby ei variert kursrekke etter konseptet "Trygg i vann" ut frå ressursar våren 2023**

Symjegruppa skal gjennomføre ei variert kursrekke våren 2022, frå førskulealder opp til og med treningsgruppe. Med eitt breitt tilbod strekkjer vi oss etter å tilby kurs som er tilpassa kvar kursdeltakar og deira nivå. Våren 2023 gjennomfører vi kursrekkejene frå kval og oppover. I Lom skal det gjennomførast kval og skilpadde.

### **Tilby eit breitt tilbod ut frå kursrekkeja hausten 2023 i Lom**

For å få til dette krev det at vi også har instruktørar som kan bidra i Lom. I tillegg må instruktørar på vidaregåande kurs gjere ei vurdering om fasilitetane i bassenget i nabokommunen innfrir krava. Vi har instruktørar som ynskjer å bidra, og lokala viser seg å kunne innfri behova for dei fleste kursa.

### **Utvide samarbeidet med idrettslaget i Lom og Utgard**

For å gjennomføre kurs i Lom hausten 2023 og våren 2024, er vi heilt avhengige om å utvide samarbeide med idrettslaget i Lom og Utgard. Dialog er oppretta, og allereie nå er det kome positive attendemeldingar, og vilje frå Lom om å leggje til rette for kurs. Vi vil arbeide for å få til gode ordningar for leige av lokale.

### **Formidle informasjon frå Symjegruppa Skjåk il på nettsider**

Symjeskuleansvar og styret skal bruke Facebooksida til symjegruppa for å formidle informasjon. I tillegg skal symjegruppa aktivt bruke Skjåk il si nye heimeside til informasjonsspreiing. Publisering her bidreg dagleg leiar med.

### **Aktiv bruk av Trygg i vann som kommunikasjon mellom føresette og instruktørar**

Instruktørane skal halde fram med å bruke attendemeldingsfunksjonen hos Trygg i vann. Her får føresette attendemelding om utviklinga til sin unge etter gjennomført kurs. Det skal kome

tydleg fram kva kurs som deltakaren blir oppmoda om å søkje plass på neste gong. Instruktørane skal sjølv ha ansvar om å leggje ut.

### **Søkje økonomisk støtte på aktuelle støtteordningar**

Meir aktivt sjå etter moglegheiter for å søkje økonomisk støtte. Medlemmar av styret i samarbeid med dagleg leiar av Skjåk il bør søkje midlar som legg til rette for, og skapar aktivitet for barn og unge kommande år.

### **Opprette kontakt med andre symjegrupper i Gudbrandsdalen**

Det har dei siste åra, vore lite kontakt med dei andre symjegruppene i Gudbrandsdalen. Symjegruppa i Skjåk skal gjere sitt for å opprette dialogen. Det kan absolutt vere aktuelt med treffpunkt, både for instruktørar og dei eldste symjarane våre.

### **Arrangere "merketakingskveld" våren 2023**

Etter avslutta kursrekke våren 2023, har vi som mål å ha ein open ettermiddag/kveld, der den som ynskjer kan kome for å ta merke, innanfor ulike lenger i bassenget. Her er det to av instruktørane våre som har regien.

Med vår handlingsplan ynskjer vi å kunne **"gje dei som ynskjer eit tilbod om symjeopplæring, på sitt nivå, der dei opplever meistring og framgang"**.

# Handballgruppa

Skjåk Idrettslag



## Årsmelding Handballgruppa i Skjåk IL 2022

Styret i Handballgruppa i Skjåk IL har i 2022 bestått av følgende personar:

Kari Lauten	Styremedlem / sekretær
Sylfest Krogstad	Styremedlem / ansvar julekalender
Nina Kvalheim Kveum	Styremedlem / ansvar kiosk
Siv Elisabeth K. Stenersen	Styremedlem / ansvar materialforvaltar
Marit Sletten	Styremedlem / ansvar leiar
Julianne Stensgård	Styremedlem / ansvar økonomi
Lisbeth Risheim	Styremedlem / ansvar laga, trenar og dommarar

Styret i handballgruppa har hatt 6 møter i 2022. På to av møta var alle trenarane også innkalla. Dette for så sikre dialog med laga gjennom året: På vårens siste styremøte var trenarane med og vi hadde ei lita avslutning til jul for styret og trenarane med kake på Allmenningje. Der evaluerte vi sesongen så langt.

Viktige arbeidsoppgåver for styret har vore påmelding til serie og turneringer, vaktlister for kamphelger i Skjåkhallen, innkjøp og vedlikehald av utstyr, kalenderarbeid og dommerutvikling. I tillegg har vi i år vore tungt inne særleg på J/G8 for å følge opp før kamp m.m. Dette at ingen i foreldregruppa der ynskjer å stå som oppmann gjev styret meir arbeid og slik kan vi ikkje ha det framover.

Vi må sjølv ordne dommarar opp til og med J/G12. Krav til å dømme J/G12 er kurset dommer1. Trine Sanden, Nina Kvalheim Kveum, Lisbeth Risheim, Sara Bosmen, Helene Rustad og Ola Soglo har dette. I tillegg har Idun Byre, Tonje Marita Bårdseng og Thormod Sjøvold tatt barnekampleder kurset. Vi har også brukt Ellen Beate Risheim litt til dømming i haust grunna manko på dommarar før det ble arrangert kurs.

Sesong	Sesongen 2016/2017	Sesongen 2017/2018	Sesongen 2018/2019	Sesongen 2019/2020	Sesongen 2020/2021	Sesongen 2021/2022	Sesongen 2022/2023
Lag	K4, J16, j14x2, J12, J11, J10, J09, J08. 9 lag	K4, J16, J14, J11x2, J10, J09, J8 og G8. 9 lag	J9, G10, J10, J11, J12 og K5.	2xJ8, J11, G10, J12, J14 og sr.	J9, G10, J10, J12, J14 og sr. 6 lag	J9, J10, G12, J14, sr. 5 lag	J8, G8, J10, J11*2, J14, G14, Sr. 7 lag
Antal spelarar	77	82	76	75	64	50	80

Vårsesongen 2021/2022 hadde vi 5 lag og haustsesongen 2022/2023 hadde vi 7 lag. Vi er heldige og har ein stabil gjeng trenarar. For sesongen 2021/2022 var dette: Arnt Aurmo, Ruth Aurmo, Trine Sanden, Kjersti Røhr, Kjersti Welve, Lena Kolden, Johnny Gundersen og Ola Soglo. For Sesongen 2022/2023 har i tillegg Olina Kveen vorte med på J/G 8, etter jul kom også Morten Kielland inn. Johnny Gundersen slutta til jul i 2022.

Tusen takk til alle som har bidrege i året som har vore!

## Handlingsplan for handballgruppa i Skjåk 2023

	Kva	Kven
April	Evalueringsmøte med trenarar og oppmenn om sesongen som var, med innlevering av alle drakter.	Lagsansvarleg
	Melde på lag til neste sesongen før 1. Mai. For laga J/G 10- K4.	Lagsansvarleg
	Spele inn ynskje til halltider for neste sesong til hovudstyret	Leiar
	Finne trenarar og oppmenn for alle påmeldte og komande lag.	Styret
September	1.sept er frist for å søke nasjonalt fond om dekking av lisens for enkeltspealarar. Må ha sjekka om nokon treng dette før det.	Leiar
	Skrive invitasjon til dei yngste spelarane( 1.-4.klasse) etter avtale med trenarar. Kopiere opp og dele ut på barneskulane i Lom og Skjåk.	Sekretær
	Skrive informasjonsbrosjyre til oppstart, kopiere opp og dele ut. (leggje ut på Facebooksida/heimesida)	Sekretær
	Melde på lag J/G 7-J/G9	Lagsansvarleg
	Oppdatere spelarlistene i KA i samarbeid med trenarar/oppmenn. Sjekke at lisensar er ok.	Leiar og DL
	Rydde, vaske og fylle kiosken – sjekke økonomisystemet	Kioskansvarleg Økonomi
	Sjå over draktsetta, utstyr og planlegge klubbkveld	Materiellansvarleg
	Oppdatere instruksen til hallansvarleg/hallvakter/økonomi. Melde inn kampdatoar til Skjåk kommune v Nina i servicetorget. (går også automatisk pr e.post, men sjekk alltid)	Økonomi og sekretær
	Lage vaktlistar for arrangement i hallen, sende ut på e-post. Ordne dommarar til kampar.	Sekretær Dommarans.
	Sende inn dispensasjonssøknader og overgangssøknader til kretsen via TA.	Leiar DL
	Oppstartsmøte med styret og trenarar og oppmenn.	
	Sjøppelsekkutkjøring	Styret
	Sende ut treningskontigent (har vore gjort på haust eller vår).	Økonomi og DL
Oktober	Klubbkveld med sal av klede Kick-off – både for dei som ER med og invitere nye inn!	Materialforvaltar
	Starte arbeid med kalender . Mål om å ha denne klar for utlevering 15. nov.	Kalenderans
1.januar	Sende ut lisens til dei som fyller 13 i det nye året	Leiar og DL
Jan/feb	Melde på lag til cup, skrive informasjonsskriv rundt betaling til turnering, bestille buss til turnering. Pass på fristane for dei ulike cupane. Krevje inn påmeldingsavgift.	Styret Økonomi og DL
	Skrive årsmelding og handlingsplan til årsmøtet i hovudstyret. Lage budsjett og reknskap.	Fordeles. Økonomi
Mars	Årsmøte i hovudlaget	

### Kontinuerleg oppgåver:

- Oppdatere nettside og facebook, evt andre kanalar til å informere.
- Vere hallansvarlege.
- Møte i hovudstyret til idrettslaget etter innkalling
- Revidere den sportslege plan når naudsynt

Handballgruppa i Skjåk IL ynskjer å ha eit tilbod til alle som ynskjer å spele handball. Difor har vi, og vil melde på, jentelag frå J8 til seniornivå i serien. Vi har eit gutelag G14, og andre gutar som ynskjer å spele handball får tilbod om å bli med jentelaga. På dei yngste laga er det nå bra rekruttering, men vi slit med å halde på spelarar i overgang barneskule/ungdomsskule. Vi ynskjer å ha ein solid dommarstall i Skjåk.

Handballgruppa har som mål at både spelarar, trenarar og dommarar skal få utvikle seg utifrå sin ståstad, sine ambisjonar og føresetnader. Handballgruppa vil difor prøve å arrangere dommarkurs ( dommar 1-kurs), trenarkurs og motivasjonsøkter, i tillegg til ordinære treningar. Spelarar som vil satse ekstra, vil få noko støtte til å delta på spelarutvikling.

Handballgruppa ynskjer at flest mogleg skal spele handball lengst mogleg. Høge kostnader ved aktivitetar kan hindre nokon i å delta, og vi ynskjer å halde kostnadene for den einskilde spelar låge. Dermed vert dugnadsarbeid på kamparrangement, sal av julekalendrar, sponsorstøtte og tilskot viktige inntektskjelder. Vi ynskjer eit tettare samarbeid med fotballgruppa for å unngå at spelarar må velje mellom greinene, og gjerne resten av gruppene i idrettslaget òg.

Handballgruppa ynskjer å setje fokus på det sosiale ved å spele handball. Viktige sosiale tiltak er dei årlege turneringane på våren og sosiale tilstellingar som dei einskilde laga arrangerer. På lange reiser til kamp ser vi det som eit sosialt tiltak med minibuss. Dette medfører transportkostnader for handballgruppa.

Handballgruppa ynskjer at draktsett, dommarklede og treningsutstyr skal halde ein god standard. Vi vil difor ta godt vare på utstyret vårt, og kontinuerleg bytte ut utstyr som må skiftast ut.

## Turngruppa



### Årsmelding 2022

Turngruppa

- Trening mandager, turn fra 1kl og oppover til 18+
- Onsdager gymnastikk hjul fra 8kl og oppover.
- Turnstevne på Gran 11. juni.
- Juleavslutning desember.

### Handlingsplan turngruppa 2023

Vi holder fram med trening hver Mandag og Onsdager til April - Mai.  
Tenker å ha en oppvisning ved sesongslutt- April -Mai.  
Oppstart til høsten blir etter skolestart ca. September.  
Trenerkurs for gamle og nye trenere.  
Juleoppvisning i Desember

## Friidrettsgruppa



### Årsmelding 2022

Det er fortsatt ikke et fungerende styre i friidrettsgruppa. Dette da det ikke har vært friidrettstreninger og derfor ikke kandidater å ta av.

Liv Hege Rønningen har fungert som midlertidig leder.

Det ble våren -22 arrangert Flækkøyhøe Upp og Tinstafett.

Dametrimmen som ligger under friidrettsgruppa, har hatt treninger hver torsdag.

Etter en noe redusert aktivitet og oppmøte i forbindelse med pandemien, er det nå stort sett godt oppmøte.

### Handlingsplan for friidrettsgruppa 2023

For at det skal bli aktuelt med oppstart av friidrettstreninger er dette avhengig av at Tor Tharaldsrud får med seg flere som kan ta på seg treneransvar.

Det blir i år ikke arrangert Flækkøyhøe Upp.

Tar sikte på at det blir arangert Tinstafett også i år.

Dametrimmen fortsetter med ukentlige treninger. Dametrimmen har nå treninger i 2. etg. i Skjåkhallen, det er derfor noe uavklart i forhold til lokale og evt. husleie i forbindelse med renovering av hallen.



# Padlegruppera

## Årsmelding 2022



Styret: Underlagt symjegruppera.

### Aktivitet

Januar til april:

- Kjøpt inn nye spruttrekk, og skifta morkne stropper.
- Barnegruppe fredagar i symjehallen
- Ungdom/ vaksengruppe laurdagar i symjehallen.
- Gjennomført introkurs med ei skulegruppe.

Mai – oktober:

- Turar avtalast mellom dei aktive padlarane, i tillegg til fast tur søndag.
- Utstyret vi har bidreg til meir aktivitet. Bispen fungerer bra som utstyrsbase.
- Ikkje noko organisert for barnegruppera

Oktober til desember:

- Barnegruppe fredagar i symjehallen
- For få deltakarar til å starte opp ungdom/ vaksengruppe.
- Det var forventat at bassenget skulle stenge til jul, så det ble ikkje satt i gang noko arbeid med rekruttering.

## Handlingsplan 2023

### Padlegruppera

Trening i symjehallen frå januar til mai.

- Barnegruppe fredagar i symjehallen
- Planlegge nybyrjarkurs for ungdom/ vaksen
- Jobbe for avtale om klubbprisar med Skjåk Adventure.

Utesesong mai – oktober

- Delta på ryddedugnad i regi av Skjåk kommune
- Flytte alt utstyr til lager på Bispen grunna renovasjon
- Gå over utstyret så alt er i god stand til sumarsesongen.
- Legge til rette for aktivitet for ungdom/ vaksne.
- Arrangere tur til Aura og rafting med barnegruppera

Trening i symjehallen oktober til desember.

- Bassenget er stengt grunna renovasjon, så det blir ingen aktivitet.



# Årsmelding 2022

Styret: Edvard Mølmen og Stian Bøhle (leiar)

Januar – juni

- Planlegging mot oppstart av karategruppe
- Kampsporttrening for vaksne i periodar.

Oktober – desember

- Kjøpt inn karatedrakter og beskyttelsesutstyr med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB. Dette er til utlån for medlemmer i kampsportgruppa.
- Karatetrening for barn 3. – 7. klasse.
- Kampsporttrening for vaksne i periodar.

Kontingent i 2022/ 2023 er kr 400.

10.03.2023 Stian Bøhle

## Handlingsplan 2023

### Kampsportgruppa

Januar til juni:

- Karatetrening for barn 3. – 7. klasse.
- Gradering og graderingsfest.
- Kampsporttrening for vaksne i periodar.
- Det går mot renovasjon, og kampsportgruppa må flytte sine aktivitetar til andre lokale mens dette utførast. Alternativ kan vere Skjåkhallen eller dansesalen.
- Fleire av deltakarane på karate byrjar på ungdomskulen til hausten. Vi må derfor endre aldersinndelinga. Vi tek sikte på å bestemme ny organisering i løpet av våren.

Oktober til desember:

- Karatetrening for barn 3. – 10. klasse. Ei eller to grupper.
- Gradering og graderingsfest.
- Kampsporttrening for vaksne i periodar.

# Skigruppa

Skjåk idrettslag



## Årsmelding for Skjåk IL, Ski- og Skiskyttargruppa 2022

### Verv i 2020:

Namn	Funksjon	Valt for	På val i
<b>Styret</b>			
Tom Erik Myrum	Material- forvaltar	2 år	Går ut etter sessongen 2023
Håvard Morken Gartland	Sekretær	2 år	Ikke på valg
Ronny Brukveen	Leder	2 år,	
Jon Roger Risheim		2.år	Ny 2023
Tom Andre Melby		2.år	Ny 2023
<b>Andre verv</b>			
Lars-Egar Haugen	Kontakt Norrdalssam arbeid		

**Karusellrenn 2022:** Det ble arrangert 8 ordinære karusell-renn. 56 gikk 3 renn eller flere. Totalt har vi hatt 403 personer på startstreken.

**Klubbmeisterskap 2020:** vart arrangert 13. februar, med 62 deltakarar. Og det ble kåret klubbmester i 8 klasser.

**Skisportens dag:** ble som vanlig en festdag, der skiskytterskivene fikk mest oppmerksomhet.

**Familiedag Botnrunda/Åsen Rundt:** vart gjennomført i ganske dårlig vær, og vi hadde bare 2 i konkurranseklassa. Mens 21 gikk trimklasser. Nytt av året var bålpanne og grillstasjon ved bottsætrene.

**Påskesprinten:** gikk som vanlig skjærtorsdag på Grotli. 147 startet i årets påskesprint.

**Skiavslutning:** Det ble ingen avslutning i år, arrangementet ble flyttet til Kickoff i januar 2023

**Løypekjøring:** Skjåk Turløyper har køyrd opp løypenettet i Botn og Åsen rundt.

**Dugnader 2020:**

- I dønfoss ble det byttet alt lys. Det er nå Led belysning i hele løypa. Finansiert av DNB sparebankstiftelsen, Skjåk Energi, Bismo Elektro og Innlandet tak og isolasjon.
- Dugnad i Botn, med rydding av løype, litt maling og etc.

**Viktige inntekter:** Tilskot frå hovudlaget, dugnadsinnsats for hovudlaget.

**Skiskyting:** ein løparar som represneterer Skjåk il i norgescupen. Edvard, går på skigymnas i Stryn.

**Samarbeid om løypekøyring:** Skjåk Turløyper har ansvaret for oppkøyring av løypenettet i Skjåk, Dønfoss unnateke. Selskapet leiger trakkemaskin og snøskuterar av Skjåk IL. Skjåk Turløyper står for driftsutgifter på trakkemaskina, medan Skjåk IL kostar drift av snøskuterar. Leiar i Skigruppa sit i styret for Skjåk Turløyper.

**Skjåk IL hovudlaget:** Leiar i Skigruppa har delteke på årsmøtet i hovudlaget.

**Økonomi:**

**Ein stor takk til alle som er med og hjelper til i Skigruppa!**

# Handlingsplan

## Handlingsplan for Skjåk IL, Ski- og Skiskyttargruppa 2023

---

**Sesongen 2023.** Det er lagt opp til 8 skirenn i 2023. Dette inkluderer åsen rundt og påskesprint. Terminliste ligger ute og oppdateres på skigruppa sin facebookside.

**Åsen Rundt** står på planen, 2.mars. Arrangementet er lagt opp som ein familiedag, og vi vil i tillegg arrangere tradisjonelt karusellrenn. Ein kan gå Åsen Rundt i konkurranseklasse eller som trimmar. Det er og høve til å gå Botnrunda for barnefamiliar som ynskjer det.

**Skiskyttergruppa** har trening på stadion i Botn samt innandørs skytetrening i Nordberg. Skjåk IL har i år ein aktiv skiskytter som tek del i renn rundt om i kretsen. Edvard vart nr 8 i årets jr.nm som gikk avstabelen 18.mars 2023

**Påskesprinten** på Grotli skjærtorsdag er eit tradisjonsrikt renn som har over 50 års fartstid, og kvart år stiller rundt 150 ungar og vaksne frå aust og vest på startstreken. Påskesprinten er det største enkeltarrangementet til Skigruppa.

**Avslutning for sesongen 2022** fikk vi ikke gjennomført, av forskjellige årsaker. Vi startet i stedet sessongen 2023 med en kickoff på Skjåk ungdomsskolen, der premier for fjorårets sessong ble utdelt.

**Anlegget i Dønfoss** fikk i 2022 nytt lys. Skigruppa er spente på påvirkningen anlegget får, i forbindelse med uttak av masse for flomvoll i Bismo.'

**Anlegget i Botn trenger noe oppgradering**, særlig garasjeteltet har behov for litt kjærlighet.

**Løypekjøring:** Skigruppa har selv tatt på seg kjøringen av løypene i Dønfoss-

For Skigruppa, Ronny Brukveen

# Fjellgeita

Skjåk Idrettslag



# Årsmelding Fjellgeita

## Styret:

Simen Toven, leder

Tom Daae, kasserer

Marianne Dagsgard, sekretær

Ragnhild Hagen, nettside og Facebook

Ingrid Lindsheim, nettside og Facebook

Dette året har vi gjennomført tre styremøter i tillegg til årsmøte og styremøte.

Fjellgeita, er turorientering for barn, ungdom og voksne. I år fikk vi inn 112 foldere fra barn og 51 foldere fra voksne. Totalt er det registrert 918 turer. Vi ser at det er stor variasjon i antall registrerte klipp på de forskjellige turene, og det er de korteste turene som mest besøkt.

Fjellgeitkvelden ble arrangert med stor ståhei og stormende jubel. Her premierte vi deltakere med t-skjorter, bronse-, sølv- eller gullmerke, fjellgeitkopp, fjellgeitkniv eller vindsekk, etter hvor mange år hver og en har deltatt.

Det vart trukket ut mange fine premier fra lokalt næringsliv. Gavekort på 750,-, 1000,- og 1500,- kroner fra kjøpesenteret og gavekort på fiskekort og ei hytteovernatting fra Skjåk Almenning for og nevne noen.

Også i år fikk vi inn mange bilder frå årets sesong, de vart satt sammen i en bildepresentasjon og så vist fram på Fjellgeitkvelden. Vi fikk i ettertid spørsmål om å legge denne på facebook. Dette vart ikke gjennomført pga personvern.

Fjellgeita ønsket seg ny logo i 2022. I fjor sommer utlyste vi en tegnekonkurranse og vi fikk inn mange fine bidrag. Vinneren ble annonsert på Fjellgeitkvelden.

Vi har en Facebookside som vi oppdaterer fortløpende, og er aktive på den nye hjemmesida til Skjåk-IL.

Fjellgeit-styret  
23. januar 2023



## Handlingsplan Fjellgeita 2023

I 2023 vil vi videreføre Fjellgeita med 10 turer. Det vil si fire korte, fire middels lange og to lange turer. En av turene kommer til å være i nærheten av en av hyttene til Skjåk Almenning slik at det for deltakerne er mulig å planlegge med en overnatting på denne turen.

Turene er allerede klare. Holene, Stamsæterhovden, Raudberget ved Framrusti, Søverdalen, Røykjeskålsvatnet, Sauhytta, Bakkeåsen, Svarthåmmårn, Krossen og Stensgardøyene.

Fjellgeitpostene vil bli satt ut så snart snøforholdene tillater det, fra begynnelsen av mai. De blir stående til rundt høstferien så sant vær og føre tillater det. Vi planlegger som for tidligere år å arrangere en sosial kveld midt i november der vi premierer alle årets deltakere med t-skjorter. I tillegg vil deltagerne kunne få bronse-, sølv- og gullmerker, samt Fjellgeitkopp, Fjellgeitkniv og vindsekk, alt etter antall år med deltagelse.

I tillegg til å sette ut poster må vi hente ned siste posten fra i fjor. Vinteren kom til Tundradalskyrkja før vi fikk tatt den med hjem.

Vi har fått forespørsel frå Skjåk Almenning om vi vil være med å arrangere familiefiskedag. Vi ønsker å få til eit samarbeid med Skjåk Almenning om dette.

Vi har eit godt samarbeid med Skjåk Turlag, og vi vil også for 2023 forsøke å få til et felles turmål med dei.

Vi er aktive på Facebook og hjemmesida til Skjåk IL, og vil fortsette med dette i 2023.

Det blir ingen endring av styret i 2023.

# Budsjett for Skjåk Idrettslag 2023

## SKJÅK IDRETTSLAG BUDSJETT 2023 pr. 14.03.2023

	SAMLETT				HOVEDLAG				SKI				HÅNDBALL			
	2023	2022	2021	2020	2023	2022	2021	2020	2023	2022	2021	2020	2023	2022	2021	2020
Budsjett	1 634 343	1 817 814	1 372 998	1 455 528	1 011 500	863 859	999 889	1 079 321	109 500	479 476	130 035	120 976	273 643	210 942	70 580	113 426
DRIFTSINNTEKTER	-1 786 045	-2 556 388	-1 553 382	-1 155 896	-922 380	-1 194 635	-561 783	-635 643	-160 732	-652 331	-675 703	-141 430	-352 500	-377 387	-98 809	-166 510
DRIFTSKOSTNADER	-151 702	-738 574	-180 384	299 632	89 120	-330 776	438 106	443 678	-51 232	-172 855	-545 668	-20 454	-78 857	-166 445	-28 729	-53 084
DRIFTSRESULTAT	25 000	18 713	19 210	52 556	25 000	18 913	19 504	52 855	0	-165	-259	-130	0	0	0	0
FINANSPOSTER	0	0	0	0	-234 000	-325 400	-252 000	-272 000	40 000	89 000	75 000	80 000	69 000	80 400	76 000	45 000
OVERF. HOVEDLAG	0	0	0	0	-119 880	-637 263	205 610	224 533	-11 232	-84 020	-470 928	59 416	-9 857	-86 045	47 771	-8 084
ÅRSRESULTAT	-126 702	-719 861	-161 174	352 188	-119 880	-637 263	205 610	224 533	-11 232	-84 020	-470 928	59 416	-9 857	-86 045	47 771	-8 084
<b>TURN</b>																
Budsjett	106 000	45 691	52 402	34 570	422 000	117 106	15 805	36 875	50 700	80 000	93 000	64 800	0	700	5 250	0
DRIFTSINNTEKTER	-86 333	-33 796	-28 450	-22 263	-146 500	-165 546	-70 102	-106 464	-55 500	-85 000	-93 066	-68 172	-6 000	-6 623	0	0
DRIFTSKOSTNADER	19 667	11 895	23 952	12 307	-104 500	-48 440	-54 297	-69 589	-4 800	-10 722	-66	-3 372	-6 000	-5 923	5 250	0
DRIFTSRESULTAT	0	0	0	0	0	0	-35	-105	0	0	0	0	0	0	0	0
FINANSPOSTER	0	29 000	24 000	20 000	105 000	80 000	55 000	70 000	5 000	5 000	10 000	13 000	5 000	10 000	0	0
OVERF. HOVEDLAG	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
ÅRSRESULTAT	19 667	40 895	47 952	32 307	500	31 560	668	306	200	-5 757	9 934	9 628	-1 000	4 077	5 250	0
<b>KAMPSPORT</b>																
Budsjett	29 000	0	0	0	12 000	13 340	6 037	5 560	0	3 850	0	0	0	0	0	0
DRIFTSINNTEKTER	-27 000	-3 637	0	0	-19 100	-18 597	-20 724	-11 694	-10 000	-10 265	-4 745	-3 720	0	0	0	0
DRIFTSKOSTNADER	2 000	-3 637	0	0	-7 100	-5 257	-14 687	-6 134	-10 000	-6 415	-4 745	-3 720	0	0	0	0
DRIFTSRESULTAT	0	0	0	0	0	0	0	-65	0	0	0	0	0	0	0	0
FINANSPOSTER	0	5 000	0	0	5 000	17 000	12 000	10 000	5 000	10 000	0	34 000	0	0	0	0
OVERF. HOVEDLAG	0	0	0	0	-2 100	11 743	-2 687	3 801	-5 000	3 585	-4 745	30 280	0	0	0	0
ÅRSRESULTAT	2 000	1 363	0	0	-2 100	11 743	-2 687	3 801	-5 000	3 585	-4 745	30 280	0	0	0	0
<b>FELLEGITA/BARNIDRETTEIN</b>																
Budsjett	12 000	13 340	6 037	5 560	0	3 850	0	0	0	3 850	0	0	0	0	0	0
DRIFTSINNTEKTER	-19 100	-18 597	-20 724	-11 694	-10 000	-10 265	-4 745	-3 720	-10 000	-10 265	-4 745	-3 720	0	0	0	0
DRIFTSKOSTNADER	-7 100	-5 257	-14 687	-6 134	-10 000	-6 415	-4 745	-3 720	-10 000	-6 415	-4 745	-3 720	0	0	0	0
DRIFTSRESULTAT	0	0	0	0	0	0	0	-65	0	0	0	0	0	0	0	0
FINANSPOSTER	0	5 000	0	0	5 000	17 000	12 000	10 000	5 000	10 000	0	34 000	0	0	0	0
OVERF. HOVEDLAG	0	0	0	0	-2 100	11 743	-2 687	3 801	-5 000	3 585	-4 745	30 280	0	0	0	0
ÅRSRESULTAT	2 000	1 363	0	0	-2 100	11 743	-2 687	3 801	-5 000	3 585	-4 745	30 280	0	0	0	0
<b>FRIDRETT</b>																
Budsjett	3 850	0	0	0	0	3 850	0	0	0	3 850	0	0	0	0	0	0
DRIFTSINNTEKTER	-10 265	-4 745	-3 720	0	-10 000	-10 265	-4 745	-3 720	-10 000	-10 265	-4 745	-3 720	0	0	0	0
DRIFTSKOSTNADER	-6 415	-4 745	-3 720	0	-10 000	-6 415	-4 745	-3 720	-10 000	-6 415	-4 745	-3 720	0	0	0	0
DRIFTSRESULTAT	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
FINANSPOSTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
OVERF. HOVEDLAG	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
ÅRSRESULTAT	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>SVØMNING</b>																
Budsjett	80 000	93 000	64 800	0	80 000	93 000	64 800	0	80 000	93 000	64 800	0	80 000	93 000	64 800	0
DRIFTSINNTEKTER	-85 000	-93 066	-68 172	-6 000	-85 000	-93 066	-68 172	-6 000	-85 000	-93 066	-68 172	-6 000	-85 000	-93 066	-68 172	-6 000
DRIFTSKOSTNADER	-10 722	-66	-3 372	0	-10 722	-66	-3 372	0	-10 722	-66	-3 372	0	-10 722	-66	-3 372	0
DRIFTSRESULTAT	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
FINANSPOSTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
OVERF. HOVEDLAG	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
ÅRSRESULTAT	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>PADLING</b>																
Budsjett	700	5 250	0	0	700	5 250	0	0	700	5 250	0	0	700	5 250	0	0
DRIFTSINNTEKTER	-6 623	0	0	0	-6 623	0	0	0	-6 623	0	0	0	-6 623	0	0	0
DRIFTSKOSTNADER	-5 923	0	0	0	-5 923	0	0	0	-5 923	0	0	0	-5 923	0	0	0
DRIFTSRESULTAT	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
FINANSPOSTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
OVERF. HOVEDLAG	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
ÅRSRESULTAT	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

## Organisasjonsplan for Skjåk Idrettslag

Skjåk Idrettslag skal ha ei mest mogleg effektiv organisering. Organisasjon skal regulere den interne organiseringa i laget samt avklare ansvars- og myndigheitsforhald.

Årsmøtet							
Hovedlaget					Regnskapsfører	Kontrollutvalg	Valgkomitee
Daglig leder							
Styret i fotballgruppa	Styret i håndballgruppa	Styret i gym og turngruppa	Styret i svømmegruppa	Styret i kampsport	Styret i fjellgeita	Styret i skigruppa	Styret i friidrettssgruppa

Skjåk IL har 2 representanter i Skjåk Idrettsråd og 2 representanter i Skjåk Turløyper.

## Innstilling frå valkomiteen til årsmøte i Skjåk IL

### Innstilling fra valgkomiteen i Skjåk Idrettslag til årsmøtet 21. mars 2023

Oppdatert 110323

	Navn	På val
<b>Hovedlaget</b>	Ola Aaboen	2024
	Gregor Ingar Gjerdet	2025
	Merete Dagsgard	2024
	Ny: Anna Gubhage	2025
	Kjell Aaboen	2024
	Bernt Dahl (vara)	2024
	Tar gjenvalg: Øyvind Teigen (vara)	2025
<b>Kontrollutvalg</b>	Tar gjenvalg: Astrid Bjørnstad	2025
	Tordis Brandsar	2024
	Marius Andreassen (vara)	2024
<b>Kampsport</b>	Tar gjenvalg: Stian Bøhle	2025
	Edvard Mølmen	2024
<b>Fotballgruppa</b>	Ola Løkken	2024
	Robert Kvålshagen	2025
	Håkon Lykre	2025
	Haldis Vange	2024
	Lars Inge Hermansen	2024
<b>Handballgruppa</b>	Marit Sletten	2024
	Nina Kveum	2024
	Sylfest Krogstad	2024
	Ny: Kari Eiesar	2025
	Ny: Liv Hjeltar	2025
	Lisbeth Risheim	2024
	Ny: Siv Andersbakken	2025
<b>Skigruppa</b>	Ronny Brukveen	2025
	Håvard Gartland	2025
	Tom Andre Melby	2024
	Jon Roger Risheim	2024
<b>Turngruppa</b>	Anne Mette Gjelbakken, leder	
	Kirsti Morken, kasserer	
	Gunnar Nilsen	
	Anne Eiesar	
	Tordis Kolstadløkken	
	Ola Soglo	
<b>Friidrett</b>	Liv Hege Rønningen Friidrettsgruppa må få inn flere styremedlemmer når det starter opp aktiviteter	
<b>Svømmegruppa</b>	Randi Festervoll	2024
	Stine Leirmo	2024

	Tora Slettom	2025
	Ragnhild Hesla Breie	2025
<b>Fjellgeita</b>	Simen Toven (leder)	
	Tom Daae (kasserar)	
	Marianne Dagsgard (sekretær)	
	Ragnhild Hagen (nettside/blogg)	
	Ingrid Lindsheim (nettside/blogg)	
<b>2 representanter til Skjåk Idrettsråd</b>	Tanja Gjeilo	2024
	+ En representant fra hovedlaget. Hovedlaget får fullmakt til å velge representant på første møte etter årsmøtet.	2025
<b>Valgkomiteen</b>	Hovedlaget skal innstille til ny valgkomite. Aktuelle kandidater etter forslag fra valgkomiteen: Tanja Gjeilo, på valg i 2024 Nytt medlem: Gudrun Teigen, på valg i 2025 Nytt medlem: Frida Hjeltar, på valg i 2025 Ny vara: Britt Helen Skoglund, på valg i 2025	

**Skjåk, 11. mars 2023**

**Valgkomiteen i Skjåk Idrettslag v/Tanja Gjeilo, Ola Bosmen og Jostein Strøm**